

NotatDato: 20.04.2018
Arkivsak: 2018/9625-6
Saksbehandlar: sigwols

Til: Hans-Christian Engum

Frå: Sigrun Wølstad

Kulturminnefagleg innspel og varsel om arkeologisk registrering - oppstart planarbeid - Meland gravplass - Meland kommune

Vi visar til Dykkar brev datert 19.03.2018 med varsel om oppstart av arbeid med ovanfor nemnde plan, samt brev frå Riksantikvaren datert 17.04.2018. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne og kulturlandskap. Planen kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne.

Planens formål er utviding av gravplassen tilknytt Meland kyrkje samt omlegging av vei og etablering av parkeringsplass.

Vi ber om at plangrensa blir utvia i sør, slik at Meland gamle kyrkjestad og areal som i gjeldande reguleringsplan er vist som ny veg og parkeringsplass blir omfatta. Dette for betre å ivareta kyrkjegarden som er av nasjonal interesse.

Automatisk freda kulturminne

Det er registrert fleire funn av automatisk freda kulturminne på Meland, dette gjeld blant anna eit spyd (B-8024) frå jernalder som er funne i «Brurahaugen» og ei brend grav frå jernalder med funn av sverd og øks (B-6046) Askeladden ID: 106144-1. Frå steinalder er det funne ei kvartsittbryne (B-6045) og ei slipeplate av sandstein (B-8326). Den automatisk freda mellomalderkyrkjестaden på Meland ligg rett sør for planområdet.

Arkeologisk registrering

Då delar av planområdet har potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne, finn med det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Budsjettet for registreringa vil bli ettersendt.

Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentlig ettersyn, men det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i planområdet på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar.

Planen må reviderast eler eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Riksantikvarens merknadar til melding om oppstart av reguleringsplanarbeidet:

«Vi syner til oversending av 26. mars 2018. Innspelet frå Riksantikvaren til varsel om oppstart av planarbeid for utviding av Meland gravplass, Meland kommune, skal innarbeidast i Hordaland fylkeskommune si fråsegn. Direktoratet sitt innspel gjeld det forvaltingsområdet der direktoratet har ansvar som fagmyndigheit, her automatisk freda kulturminne frå mellomalderen, kyrkjegard, freda etter kulturminnelova§ 4.

Saka

Meland kommune har varsla oppstart av reguleringsarbeid for planarbeid for ei utviding av Meland gravplass. Det har vore gjennomført ein moglegheitsstudie som har konkludert med at gravplassutvidinga bør skje i området som alt er regulert til gravplass i gjeldande reguleringsplan og at det må leggjast til rette for ny veg og parkeringsplass opp til den nye gravplassen for å sikra universelt tilgjenge.

Meland kyrkjestad

Noverande kyrkje står om lag 300 m nordaust for mellomalderkyrkjестaden, som er automatisk freda og har id 156372 i kulturminnedatabasen Askeladden. Mellomalderkyrkja var truleg eit stavbygg, og vart rundt 1616 erstatta av ein tømmerkyrkje på same tuftområde. Denne vart riven då noverande kyrkje sto ferdig. Kyrkjegarden omgitt av steingard med tuft er bevart, men er ikkje i bruk.

Kommentarar

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare - ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står difor sterkt i lovverket. I Meland ligg Meland kyrkjestad frå mellomalderen. Eit sentralt punkt i denne saka er om tiltak i nærleiken av kyrkjestaden vil være utilbørleg skjemmande, jf. kulturminnelova § 3. Planområdet ligg i nærleiken av kyrkjestaden. Spørsmålet om utilbørleg skjemming vil først kunne handsamast når det endelege forslaget til reguleringsplan med reguleringsformål og føresegner ligg føre. Riksantikvaren vil gje ei endeleg fråsegn til planarbeidet når forslaget til reguleringsplan vert lagt ut på høyring, med omsyn til den automatisk freda mellomalderkyrkjegarden.

Riksantikvaren vil understreke at kyrkjegarden frå mellomalderen er av nasjonal interesse. Reguleringsplanen må ta tilstrekkeleg omsyn til desse interessene».